



# Møtebok

Sak nr 30/2009

Møtedato: 15.6.09

Møtestad: Vaset

Arkiv nr: S 793

## S 793, Langemyre – spørsmål om støl er falt i det fri

I samband med ettersyn av gjerdet vart stølsbrukaren Arne Rogndokken kontakta pr. brev med frist for utbetring. I sitt svar pr. telefon opplyste han at han ikkje hadde noko med stølen å gjera. Han opplyste at det var ungane til søskenbarnet Andris Rogndokken som har denne stølen.

Spørsmålet om kven som har denne stølen vart reist av Statskog i 1989. Stølen vart i 1962 vist ut til Rogndokken 79/1. Arne Rogndokken er eigar av 79/1. Han har i tillegg Rognstad 79/13 med støl S 800 på Krististølen. Arne Rogndokken stadfesta i brev datert 28.1.91 at stølen framleis skulle ligge til Rogndokken 79/1.

Fjellstyret skreiv til Arne Rogndokken den 5.9.08 og bad hans stadfeste opplysningane han gav om stølen i telefon. Han vart i brevet gjort merksam på reglane kring støl som fell i det fri.

I brev dater datert 13.9.08 skriv Arne Rogndokken m.a. følgjande: Eg har ikkje noko med den stølen og gjera, men vist dere må legge den ut synest eg att barna til Andris skal få behalde husa.

Under møte den 12.11.08 drøfta fjellstyret saka og bad administrasjonen om på nytt å opplyse Arne Rogndokken om konsekvensane ved å seia frå seg stølen. Administrasjonen skreiv til Arne Rogndokken på nytt den 26.1.09 og bad om eventuelle merknader innan tre veker. Arne Rogndokken har etter dette kontakta fjellstyreleiaren og drøfta ulike løysingar; m.a. å leggja stølen i det fri med avgiftsfritt feste på husa eller å overføre stølsjordet som tilleggsjord til ein annan stølsbrukar. Fjellstyret har ikkje motteke søknad frå Rogndokken om nokon av alternativa.

Støl som fell i det fri er regulert i fjellova § 22 og stølsforskrifta §§ 15, 16 og 17.

Fjellov:

§ 22. Rett til oppteken seter med setervoll og tilliggjande kulturbeite fell bort:

1. Ved oppgjeving utan atterhald.
2. Når setra i eit samanhengande tidsrom av 20 år ikkje har vore i bruk som seter.

Stølsforskrift:

§ 15. Seter som er fallen i det fri etter fjellova § 22, kan fjellstyret vise ut til gardsbruk i drift som treng seter. Fjellstyret skal i tilfelle gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om han ikkje innan ei viss tid fører dei over til den nye brukaren. Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.

§ 16. Vert seter som er fallen i det fri ikkje vist ut til eit anna gardsbruk, kan Statskog gje seterbrukaren løyve til å ha husa ståande utan vederlag til bruk for seg og huslyden dersom fjellstyret samtykkjer. Denne retten skal høyre under garden og kan ikkje skiljast frå han ved overdraging av husa.

Kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett vert rekna like med overdraging om ikkje retten er stifta for kortare tid enn 10 år utan rett for brukaren til forlenging eller fornying av kontrakten. § 20 i denne forskrifta gjeld tilsvarande.

§ 17. Får seterbrukaren ha husa ståande skriv Statskog ut eit eige dokument som vert tinglyst på allmenningen sitt blad i grunnboka. Eigaren på garden skriv under på eit særskilt dokument som vert tinglyst på bruket sitt blad i grunnboka om at

- a. retten til å ha husa ståande utan vederlag ikkje kan overdragast eller pantsetjast utan saman med garden,
- b. kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett ikkje kan stiftast om ikkje retten er stifta for ei tid av mindre enn 10 år utan rett for brukaren til å krevje forlenging eller fornying av kontrakten,
- c. dokument berre kan slettast med samtykke frå Statskog.

Det vart reist to framlegg til vedtak. Kjell Strand reiste framlegg om å utsetja saka til neste møte i påvente av svar frå Arne Rogndokken. Kari Tyldum reiste framlegg om å vedtaka at stølen var falt i det fri og lyse stølen ledig jf. § 15 i stølsforskrifta. Grunnlag for at stølen var falt i det fri var at Arne Rogndokken i brev den 13.9.08 utan atterhald hadde fråsaugt seg retten til stølen.

Kjell Magne Snortheimsmoen hadde meldt forfall rett før møtet, slik at det ikkje var tid til å kalle inn varamedlem. Styret kan gjera vedtak med fire medlem, og leiaren har automatisk dobbeltstemme ved stemmelikheit.

Fjellstyret gjorde følgjande vedtak i sak 23/09

*Fjellstyret utsett saka til neste møte i påvente av svar frå Arne Rogndokken.*

Kvart av framlegga fekk to stemmer og vedtaket er gjort med leiaren si dobbeltstemme.

I brev datert 14.5.09 trekkjer Arne Rogndokken tilbake uttale datert 13.9.08. Han hadde ikkje vurdert nøye nok konsekvensane ved det fyrste brevet. Rogndokken driv mjølkeproduksjon og stølsjordet er viktig i drifta av garden (brukseininga 79/1 og 79/13). Han vil setja gjerdet i forsvarleg stand og halde jorda i hevd framover.

**Vedtak:**

Etter Arne Rogndokken sitt brev datert 14.5.09 reknar fjellstyret statusen til stølen som uendra, og S 793 ligg framleis til 79/1.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.6.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Arne Rogndokken  
Statskog